Ferde

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130 Sentrum
4001 STAVANGER

| Deres ref.: | Vår ref.: | Dato: |
|---|---|---|
| | 18/13 - 1 / BJOMIDT | 14.09.2018 |

## Tilslutnad til endring av §10 i vedtektene til Ferde AS

Styret i Ferde handsama 26.04.2018, styresak 29/2018, «Endring av §10 i vedtektene» og gjorde slikt vedtak:

*«Styret i Ferde AS foreslår for generalforsamlingen i Ferde AS å endre vedtektene i pkt.10 fra;*

*På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål handsamast og avgjerast: 1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2. Val av styre. 3. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga. Til generalforsamlinga har Riksrevisjonen og Statens vegvesen møte- og talerett, og skal innkallast til denne på same måte som aksjonærane.*

*til å lyde slik;*

*«På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål handsamast og avgjerast: 1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2. Val av styre. 3. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.»*

Bakgrunnen for forslaget om å endra §10 i vedtektene, er at i den nye bompengeavtalen med Samferdselsdepartementet er det ikkje lenger noko krav om at Riksrevisjonen og Statens vegvesen skal ha møte- og talerett på generalforsamlinga. Ferde ser ikkje at det er nokon grunn til å oppretthalda ordninga med møte- og talerett for Riksrevisjonen og Statens vegvesen.

Ifølge delegasjonsreglementet for Rogaland fylkeskommune «Ansvar og myndighet i Rogaland fylkeskommune» DEL 2, pkt. 2, er det fylkestinget som *«vedtar vedtekter og endringer i vedtekter for fonds, fylkeskommunale foretak, stiftelser, aksjeselskap med videre».* Ferde AS ber derfor fylkesrådmannen i Rogaland fremja sak til fylkestinget om godkjenning av den ovanfornemnde

endringa av §10. Generalforsamlinga i Ferde AS må deretter godkjenna vedtektsendringa, jfr. § 5 -18 i Aksjeloven, før endringa vert gjeldande.

Med helsing

Trond Juvik
administrerande direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Aust Agder fylkeskommune | Postboks 788 Stoa | 4809 | ARENDAL |
| Hordaland fylkeskommune | Pb 7900 | 5020 | BERGEN |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | Askedalen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Vest Agder fylkeskommune | Tordenskjoldsgate 65 | 4605 | KRISTIANSAND S |